

Norske Jordskiftekanidaters Bedriftsforening
c/o DEKAR as
Malvikveien 1233
7550 Hommelvik

Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep
0030 Oslo

Hommelvik, 12.07.2006

HØRINGSUTTALE TIL FORSKRIFT OM EIENDOMSREGISTRERING (MATRIKELFORSKRIFTEN)

Innleiing

Norske Jordskiftekanidaters Bedriftsforening (NJKB) er ein organisasjon som femner føretak som arbeider med eigedom; grunnerverv, verdsetting, eigedomsforvaltning, tingsrettslege saker. Medlemsbedriftene består i stor grad av folk utdanna jordskiftekanidatar.

NJKB er fornøgd med at ny lov om eigedomsregistrering er vedteken. Vi vil derfor be om at forskriftene blir utarbeidd med tanke på at lova skal vere til det beste for publikum i form av kvalitet på tenestene til marknadsrette priser. Andre omsyn må ble mindre vektlagt.

Generelt

NJKB støttar utgangspunktet for lova; at tenesteproduksjonen skal utførast av private føretak, medan stat og kommunen er myndigheit.

NJKB aksepterer at kommunen kan utføre tenesteproduksjonen gjennom kommunale føretak, som blir godkjende på lik linje med private, og i konkurranse med private føretak.

NJKB aksepterer ikkje at kommunane kan bestemme og ha monopol på tenesteproduksjonen.

NKJB meiner at det er fundamentalt galt at kommunane kan vedta monopol og i tillegg ikkje setje same krav til utdanning og praksis for ansvarleg landmålar som det blir sett for privat og kommunale føretak som må konkurrere med desse.

Til kap 16

Forskriftene til §§ 16-3 og 16-4 har bestemmelsar om kompetansekrav. Det er vanskeleg å sjå ein logisk samanheng mellom §§16-3 og 16-4. Etter 16-4 vil heile føretakets kompetansekrav liggje på ansvarleg landmålar. Det er dermed gjort eit avvik frå modellen som, etter det vi forstår skal vere lagt til grunn, er dei sentrale godkjenningsordningane etter plan og bygningslova. Etter desse bestemmelsane (PbL) er det leinga sin samla kompetanse som vert lagt til grunn for godkjenning, dvs. at kompetansen kan fordelast på fleire personar. Det er også ein slik modell som kan tolkast inn i bestemmelsane, når ein ser på § 16-3. Her må det klargjerast kva modell som ein skal følgje, er det landmålarføretakets samla kompetanse eller er det berre ansvarleg landmålar som det vert stilt kompetansekrav til.

NJKB ønskjer ikkje ei slik to deling av godkjenningsordninga. Vi meiner at det er **føretaket** som må godkjennast ut frå den samla kompetansen til føretaket. Krava som et sette i 16-4 bør flyttast til 16-3.

Ei ordning med å ha ein godkjend ansvarleg landmålar vil medføre at føretaka blir svært sårbare dersom denne personen sluttar, blir sjuk eller gravid. Rapporteringsordninga etter §16-7 (som er nødvendig ved den foreslegne godkjenninga) er derfor både byråkratisk og ikkje minst svært kvinnediskriminerande. §.16-2 (2-a) vil sikre at arbeidet blir utført på ein kvalifisert måte.

NJKB meiner også at føretak med solid kompetanse og kvalitet innan rettslære, matrikkelfag og arealplanlegging må kunne leige inn landmålingstenester frå andre firma og at velkvalifiserte landmålingsfirma må kunne leige tenester frå firma som har den andre kompetansen. Med leigetider på minimum 3 år vil dette i ein skilde høve gi betre og meir robuste ordningar til beste for kommunane og publikum. (Den godkjende landmålararen i føretaket kan lovleg slutte, men å bryte leigeavtale er kontraktbrot)

Kommunale monopol

Vi forstår at det i ein overgangsperiode kan vere vanskeleg å setje same krava til kommunalt tilsette som til føretaka, men vi meiner at der kommunen gjer eit aktiv vedtak om å innføre monopol (som hindrar publikum å velje landmålar ut frå pris, kompetanse og ikkje minst leveringstidspunkt) må det kunne setjast dei same krava som til landmålingsføretaka.

Andre føretak enn private og kommunale


Det er lagt opp til at Statens vegvesen skal kunne bli godkjend som landmålarføretak.

Statens vegvesen er ein av dei store grunneigarane og utfører ein stor del av delingssakene. Desse saken er spreidd rundt i heile landet og er ikkje konsentrerte til større bysentra. Dersom ein ønskjer å få etablert eit mangfaldig tilbod av landmålarføretak over heile landet, som sørgjer for at det blir tilbod alle stader og at det er priskonkurransen, vil det vere feil å ta bort denne del av marknaden. Statens vegvesen har gjennomgått ei endring der skiljet mellom myndigheit og produksjon er klarlagt (og produksjonen vart skild ut som eige selskap i form av Mesta). Lova fastslår at landmåling er produksjon og ikkje myndigheitsutførelse. Det er derfor prinsipielt feil å la Statens vegvesen utføre denne form for produksjon. Om Mesta hadde kompetanse og kapasitet burde dei kunne dei søkje om godkjenning.

Iverksetjing

For å kunne søkje om bli godkjend som landmålarføretak, må eksisterande verksemdar som i dag ikkje har landmålar, tilsetje landmålar. Det vil i den samanheng vere formålstenleg å kjenne krava forskriftene set. Dersom lova skal verke frå 1 januar 2007 er det viktig at forskriftene blir vedtekne så snart råd er. Det vil ikkje vere tilfredstillande om lova skal gjelde frå 1. januar, men at det i praksis ikkje er råd å få godkjenning som landmålarføretak før i etterkant.. Det vil også vere svært uheldig om føretak tilset landmålarar og blir godkjend som føretak, men at lova ikkje blir iverksett. Dette vil gi lova og føretaka ein svært uheldig start. NJKB meiner derfor at forskriftene bør bli vedtekne så snart som råd er og at lova blir iverksett seinast 3 månader etter at forskriftene er vedtekne.

Helsing
for styret


Una Kvalvaag
leiar
NJKB